



Vestlandsmodellen for undersøkelse i barnevernssaker der barn lever i omfattende familiekonflikt

Arbeidet kom i gang i oktober 2018. Bakgrunnen var at mange opplevde at høgkonflikt er utfordrande saker for barnevernstenesta å arbeide med. I djupdykk av problematikken har vi arbeidd oss fram mot ein modell, der målet er at dette skal vere eit verktøy vi kan nytte i sakshandsaminga i barnevernstenesta, der born lever i omfattande konflikt som påverkar dei i ulik grad. Modellen er revidert i 2020, etter tilbakemeldingar frå deltakarkommunane i november 2019, og vil bli evaluert att i 2023. Modellen er gjennomgått og kvalitetssikra av professor Øyvind Kvello.



Foto: Kristin Åsvang

Bakgrunn

Dette er ein rettleiande modell for sakshandsaming i undersøking i barneverntenesta der bekymringsmeldingar handlar om omfattande konflikt i familiar. Modellen er ein levande arbeidsmodell som deltakarkommunane skal nytte, og gjera erfaringar av, fram mot ei ny evaluering i 2023. Etter den tid skal modellen reviderast i tråd med tilbakemeldingar til arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa i prosjektet har bestått av kontaktpersonar, familieterapeutar og avdelingsleiar i den kommunale barneverntenesta. Arbeidsgruppa har vore representert av: Mari Arnesen Rake (Kvam herad), Kjersti Kloløck (Kvam herad), Solveig Ullaland (Øygarden kommune), Geirunn Valdersnes (Alver kommune), Annette Dahle Hegle (Voss herad) og Anne Heggland (Bjørnafjorden kommune).

Målgruppe

Foreldre som framstår som fastlåste, personorienterte og fiendtlige mot kvarandre. Foreldra har ofte avgrensa kapasitet til lytting, refleksjon, dialog og innleving, som overskygger fokus på barnet sine behov. Nettverket, anna familie, advokatar, barnevern og profesjonelle rådgjevarar blir òg gjerne involverte i konflikten. Ettersom åra går, blir det dermed ikkje berre to personar som er i konflikt, men gjerne to landsbyar.

Hovudmål

Barnevernstenesta skal ikkje løyse konflikten. Barnevernstenesta skal kartlegge kva effekt konflikten har på barnet og familien. Ein må vere bevisst på at foreldre i høgkonflikt ofte har situasjonsbunden nedsett mentaliseringsevne. Mange er i krise og følelseshjernen er svært aktivert. Mange foreldre er ofte i ei krise der ein bør tenkje rundt kriseteorien. Foreldra er offer for si eiga konflikt. Mange må behandlast på ein traumesensitiv måte.

Kva skal me utvikle?

I 2022 har vi utvikla kursa: *Eg og vårt barn/vår ungdom. Eit kurs for foreldre med brot som har eit utfordrande samarbeid.* Vi har òg utvikla *Eg og vårt barn/vår ungdom. Eit kurs for foreldre som har eit utfordrande samarbeid i heimen.* Dette kurset er delt opp i to bolkar. Del 1 har vi fokus på foreldreperspektivet, kva det gjer med foreldre som lev med konflikt/kva det gjer med parforholdet å leve med samarbeidsutfordringar i heimen. Del 2 har vi fokus på barneperspektivet. Kva gjer det med barna som lever i spenningsforholdet der foreldra er i konflikt med kvarandre, destruktiv kommunikasjon i heimen. Ved brot kjem foreldra kvar for seg.

Vil du vite meir?

Ta kontakt med:

Annette Dahle Hegle, prosjektleiar, e-post Annette.D.Hegle@voss.herad.no

Kjersti Kloløck, barnevernleiar i vertskommunen e-post kjeklo@kvam.kommune.no

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Kvam, Bjørnafjorden og Øygarden kommunar og Voss herad. Og er ein del av Læringsnettverket for kommunal barnevernsteneste i Vestland. [Les meir om Læringsnettverket for barnevernstenestene i Vestland på nettsida i Statsforvaltaren](#)